

# (17) OPPSONG!

Tekst og tone:  
**FREDDIE LANGRIND**


Inspirert av kva ein folkekjær irsk politikar Daniel O`Connell (1775-1847) har sagt:  
«La meg få skrive songane for eit folk, så kan det vere det same kven som skriv lovene.»  
Dette er heilt etter mitt hjarte. Kan hende visa skal syngast a cappella, som korsong?

D D7 G F#m G F#m Em A7  
Vak - ne, venn, ved so - las kom - me, dag - en ven - tar på din song!

D D7 G F#m G F#m A7 D  
5 Kvel - ven vid og tim - ar tom - me his - sar din ev - ne og pir - rar din trong!

G Fdim F#m Bm G Em E7 A7 G Fdim  
9 Tenn din tan - ke tu - sen gong - ar, lat han ei bli mørk - ets rov! Skriv ditt vers i

F#m Bm G F#m Em A7 D  
14 fol - kets song - ar, syng det frå hjart - et som var det vår lov!



Vakne, venn, ved solas komme,  
dagen ventar på din song!  
Kvelven vid og timar tomme  
hissar din evne og perrar din trong!

Tenn din tanke tusen gongar,  
lat han ei bli mørkets rov!  
Skriv ditt vers i folkets songar,  
syng det frå hjartet som var det vår lov!

Gjalddt det berre plass i stimen  
segla du for ver og vind!  
Gjalddt det kraft og dåd på timen  
sette du kursen med jublande sinn!  
Tanken lever ...

Gjalddt det berre det å nyte  
gløymde du for visst å så!  
Gjalddt det marka sjølv å bryte  
klang dine strenger i spirer og strå!  
Tanken lever ...

Gjalddt det berre vern å byggje,  
sikkerheit i lunt palass!  
Vit du er ei verslitt bryggje,  
*tanken* er trona, når gav du han plass?  
Tanken lever ...